



J.H. Nævdal Bygg AS  
Leirvikveien 41a  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2669 - 17/35673

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2017

## Igangsettingsløyve 2 - gbnr 195/76 Leiknes

### Administrativt vedtak. Saknr: 622/17

**Tiltakshavar:** Lindås kommune  
**Ansvarleg søkjar:** J.H. Nævdal Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av resten av tiltaket som gjeld oppføring av tilbygg og utvida parkering.

Kommunen har i vedtak av 22.11.17 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.12.17.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.12.17 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### VURDERING

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse slik det går fram av gjennomføringsplanen.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resten av tiltaket for oppføring av tilbygg og utvida parkering på følgjande vilkår:**

- Rammeløyve av 22.11.17 med vilkår gjeld for tiltaket.



**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2669

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 5914  
20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

J.H. Nævdal Bygg AS  
J.H. Nævdal Bygg AS

Leirvikveien 41a 5179  
Leirvikveien 41a 5179

GODVIK  
GODVIK